



HORNINDAL KOMMUNE

ORDFØRAREN

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Samferdsleavdelinga
Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Vår ref.
12/752-8/ I ABØN

Dykkar ref.

Dato:
25.09.2014

Planlegging av rutetilbodet frå 1.mai 2015. – innspel frå Hornindal kommune.

Viser til brev frå Sogn og Fjordane datert 12.08.14 og vi takkar for høve til å få kome med innspel/forslag til ruteendringar.

Hornindal kommune har følgjande innspel:

1. Våre lokale bussruter i Nordfjord er allereie på eit minimumsnivå og må ikkje verte redusert i forhold til rutene i dag. Det må vere eit mål å få fleire til å nytte offentleg transportmiddel framfor privatbil.
2. 80 % av ungdomane frå Hornindal går på vidaregåande skule enten i Stryn eller på Nordfjordeid. Dei fleste av elevane er heilt avhengig av å bruke buss dagleg, og det er særskilt viktig å ha gode forbindelsar utan for mykje ventetid til/frå skulen.


Elevar som tek til på vidaregåande skule må få informasjon om skulerutene før skulestart. Både om kor langt køyre dei forskjellige rutebussane, evt. skifte av buss og avgangstidspunkta.

3. Kommunen har ein auke av pendlarar og studentar frå indre Nordfjord mot Søre-Sunnmøre etter Kvivsvegen vart opna. Vi ser at rutene frå Stryn via Grodås til Volda/retur er reduserte i forhold til før, dette er ikkje bra. Ber om at ein vurderer like mange avgangar som ein hadde i perioden 1.mai 2013 til 30.april 2014.

4. Det er viktig at buss-stoppen ved venterommet i Grodås sentrum er tydeleg, slik at folk som set i venterommet ser bussen kjem. Dessverre har her vert uheldige episodar der bussen har køyrt ifrå personar.

Ber om at fylkeskommunen vidaresender dette brevet til aktuelle ruteselskap.

Med helsing


Anne-Britt Øen Nygård
Ordfører